

Fagetisk refleksjon – eller ein tur i mørkeret?



Nina Dalen

Knut Dalen

knut.dalen@nevropsykolog.no

Fagetisk råd gav ikkje Grøndahl hjelp til å identifisere relevante etiske tema og problemstillingar.



Nina Dalen og Knut Dalen (Foto: privat)

Grøndahl sin kronikk *Tvangsetikk* startar med følgjande ingress: *Fagetisk råd presset frem fagetisk refleksjon uten at det var klart hvilken fagetisk retningslinje som var brutt.* Han opplevde det som frustrerende og svært lite lærerikt å skulle reflektere over noko der han ikkje visste kva han skulle reflektere over.

Etiske prinsipp i mørkeret

I boka vår *Profesjonsetikk for psykologar* (s. 118) skriv vi mellom anna: *Fagetisk råd vurderer først klagen, og ser kva profesjonsetiske prinsipp som ser ut til å vere dei mest sentrale i saka. Den innklaga psykologen blir beden om å drøfte klagen i lys av desse prinsippa.* Slik Grøndahl framstiller det, vart det ikkje opplyst noko om kva profesjonsetiske prinsipp som var relevante. Dette kunne Fagetisk råd (FER) gjort, utan å ta stilling til om prinsippa var brote. I mørkeret utstyrer vi oss med refleks for å gå trygt. Refleksen lyser ikkje opp og reflekterer lys før nokon lyser på han. Da har refleksen noko å reflektere. Slik Grøndahl framstiller det, ser det ikkje ut til at han heller vart opplyst på nokon måte, og at det som skulle vere ein fagetisk refleksjon, vart ei trøystelaus vandring i mørkeret.

Leiar i FER, Mette E. Garmannslund, sitt svar på Grøndahl sitt innlegg har overskrifta *Fagetisk refleksjon er en plikt.* Ingressen er slik: *Målet med Fagetisk råds klagebehandling er å fremme refleksjon og læring. Psykologers medvirkning i prosessen er både en forpliktelse og et medlemsgode.* Vi kan ikkje sjå at Garmannslund kommenterer det som Grøndahl etterlyser. Det står ikkje noko om at FER innleier prosessen med å nemne kva fagetiske prinsipp som ser ut til å vere relevant.

Ut med badevatnet

Da dei fagetiske prinsippa vart revidert i 2022, ser det ut til at landsmøtet «kasta ungen ut med badevatnet». *Den etiske beslutningsprosessen som var med i Etiske prinsipper for nordiske psykologer*

er ikkje med i *Etiske retningslinjer for nordiske psykologer*. Den etiske beslutningsprosessen vart i si tid utvikla av Jean Pettifor, og vart henta frå retningslinene til den kanadiske psykologforeininga. Prosessen inneheld desse trinna, og er nemnt i boka vår side 97:



- Identifisering av etisk relevante temaer og problemstillinger
- Utvikling av alternative framgangsmåter
- Vurdering av kortsiktige og langsiktige fordeler og ulemper ved hver av framgangsmåtene i forhold til alle som er involvert eller kan bli berørt
- Valg av framgangsmåte etter grundig vurdering ut fra verdier, prinsipper og retningslinjer
- Handling, med forpliktelse til å ta ansvar for konsekvensene av handlingen
- Evaluering av resultatet av framgangsmåten
- Psykologen retter opp eventuelle negative konsekvenser, eller gjenopptar beslutningsprosessen hvis det viser seg at det etiske spørsmålet ikke er løst

Vi har begge hatt nytte av *Den etiske beslutningsprosessen* både i undervisning og når kolleger ber om råd i fagetiske spørsmål. Det er synd at denne ikkje er med i dei reviderte fagetiske retningslinene. Grøndahl etterlyser hjelp til å handtere det første kulepunktet, ved at han ikkje fekk hjelp til å identifisere relevante etiske tema og problemstillinger. Leiar i FER har ikkje svara på denne delen av kritikken. Fagetisk råd vil nok ha god nytte av at *Den etiske beslutningsprosessen* kjem fram i dagslyset att, slik at den etiske refleksjonen vert mindre smertefull og meir opplysende for den innklaga psykologen.

Merknad. Begge har vore leiarar av FER. Knut har også vore leiar i Ankeutvalget for Fagetiske klagesaker (AFEK). Nina har vore medlem i Board of Ethics i EFPA. Da Nina gjekk ut av Board of Ethics, gjekk Mette E. Garmannslund inn som representant for NPF.

Referanser

- Dalen, N. & Dalen, K. (2019). *Profesjonsetikk for psykologar*. Samlaget
- Garmannslund, M. E. (2024, 5. januar). Fagetisk refleksjon er en plikt. <https://psykologtidsskriftet.no/debatt/2024/01/fagetisk-refleksjon-er-en-plikt>
- Grøndahl, P. (2024, 2. januar). Tvangsetikk. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 60(1) 50-52. <https://psykologtidsskriftet.no/kronikk/2024/01/tvangsetikk>

Begge har vore leiarar av FER. Knut har også vore leiar i Arbeidsutvalget for Fagetiske klagesaker (AFEK). Nina har vore medlem i Board of Ethics i EFPA. Da Nina gjekk ut av Board of Ethics, gjekk Mette E. Garmannslund inn som representant for NPF.